

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/22	Heradsstyret	PS	10.03.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	20/2919

Auke busetting av flyktningar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune tilbyr IMDI å auke busettingskapasiteten med 12 personar i 2022. Det betyr at total tal busette flyktningar kan bli 24 i 2022.

Osterøy kommune har ikkje høve til å gje tilbod om «midlertidig innkvartering» i form av hotell, campinghytter eller liknande, i påvente av ordinær bustad.

Osterøy kommune er positive til at ukrainske flyktningar kan bu i midlertidig innkvartering i private heimar dersom det vert opna opp for dette (jf. tilby norskundervisning og gjennomføre enkel kartlegging av kvalifiseringsbehov).

Osterøy kommune fordømmer invasjonen av Ukraina.

Rådmannen skal kartlegge om det er mogleg å busette fleire enn dei 24 som vert vedtatt no. Det er ønskeleg at Osterøy stiller opp i den ekstraordinære situasjonen, ut over normalkapasitet.

Heradsstyret gjev Formannskapet fullmakt til å godkjenne endeleg plan for handtering av Ukraina-krisa.

Heradsstyret - 025/22

HS - behandling:

Ordførar fekk permisjon frå møtet.

Ordførar forlet møte.

26 av 27 medlemmar/varamedlemmar tilstades.

Varaordførar Hjalti H. Gislason, H, tek over som ordførar i møte.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: Turid B. Njåstad vert varaordførar i møte.

AVRØYSTING:

Turid B. Njåstad vert varaordførar i møte.

Framlegg og votering kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved nedst i møteprotokollen

HS - vedtak:

Osterøy kommune tilbyr IMDI å auke busettingskapasiteten med 12 personar i 2022. Det betyr at total tal busette flyktningar kan bli 24 i 2022.

Osterøy kommune har ikkje høve til å gje tilbod om «midlertidig innkvartering» i form av hotell, campinghytter eller liknande, i påvente av ordinær bustad.

Osterøy kommune er positive til at ukrainske flyktningar kan bu i midlertidig innkvartering i private heimar dersom det vert opna opp for dette (jf. tilby norskundervisning og gjennomføre enkel kartlegging av kvalifiseringsbehov).

Osterøy kommune fordømmer invasjonen av Ukraina.

Rådmannen skal kartlegge om det er mogleg å busette fleire enn dei 24 som vert vedtatt no. Det er ønskjeleg at Osterøy stiller opp i den ekstraordinære situasjonen, ut over normalkapasitet.

Heradsstyret gjev Formannskapet fullmakt til lokal handtering av flyktningkrisa som har oppstått på grunn av krigen i Ukraina

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

IMDI kartlegger kapasiteten for busetting av flyktningar i 2022 grunna krigen i Ukraina.

Osterøy kommune har vurdert tilgang på bustader og kapasitet til oppfølging, og vurderer at ein kan auke kapasiteten med 12 personar.

Busetting av dei ytterligere 12 kan finne stad frå medio mai.

Osterøy kommune er spurt om vi kan «innkvartere midlertidig». Med dette omgrepet meiner IMDI «*hvorvidt kommunen har anledning til å kunne ta imot personer for bosetting selv om kommunen ennå ikke har boliger klare for denne gruppa. Dette kan da være midlertidige boløsninger i påvente av en mer permanent bolig.*» (Epost frå IMDI til saksbehandlar 09.03.22.) Dette betyr at ein må finne bustader som er ferdig møblert, og klare for å flytte inn på nokre timars varsel.

I Osterøy kommune er det Fjordslottet som har mogelegheit for denne typen innkvartering. Det er henta inn tilbod på dette, men Rådmannen vurderer at det er for høg økonomisk risiko å reservere heile eller delar av Fjordslottet til formålet, då det er uavklart kva økonomisk stønad som kommunen får. Vidare er det uavklart i kva grad kommunen må stille med personale for å sikre bebruarane eksempelvis på natt eller ved akutt sjukdom, og kven som skal veilede bebruarane i kvardagen.

Dersom det skulle bli aktuelt å opne opp for mogelegheita til at ukrainske flyktningar kan bu i private heimar som ein del av omgrepet «midlertidig innkvartering», er Osterøy kommune positive til å inngå avtaler om dette. Då vil kommunen forplikte seg til å tilby norskundervisning og ein enkel kartlegging av kvalifiseringsbehov. Ein forutset her at dei som kjem, vil ha familie og/eller vener på Osterøy som bidrar med rettleiing på natt, helg, ved akutt sjukdom og i kvardagen.

Bakgrunn

Krigen i Ukraina har ført til eit auka behov for busettingsplassar i kommunane. Osterøy kommune er bedt om å vurdere kapasiteten både for ordinære busettingar, og for å «innkvartere midlertidig».

Vurdering

Folkehelse: Ikkje vurdert.

Økonomi: Med tanke på ordinær busetting, er det vurdert at inntektene frå integreringstilskot vil dekke utgiftene. Det er uklart om vi vil busette 24 stk, noko som gjer at ein må auke bemanninga midlertidig etter kvart som ein får tildelingar. Med tanke på midlertidig innkvartering, er det uavklart korleis ein vil innrette dette tilskotet.

Miljø: Ikkje vurdert

Konklusjon

Osterøy kommune aukar det samla talet for busetting i 2022 frå 12 til 24.

Osterøy kommune kan ikkje innkvartere midlertidig i campinghytter, hotell el.l.

Osterøy kommune er positive til privat midlertidig innkvarteringar der dei som kjem bur hos familie og vener på Osterøy, dersom det vert åpna for dette.